



Sysselettingsmidla får bein å gå på



Museumshandverkar Kjell Johnsen og prosjekthandverkarane Bergit Tysseland og Odd Gunnar Hauge i arbeid med glasa frå Håland.

Sysselettingsmidla frå Kulturdepartementet har så langt gått til 4 handverkarstillingar og fleire innleidde firma. Dette gjer at me vil komma langt med det mest nødvendige arbeidet for å sikra våre bygningar på ein god måte. På Håland er taket snart ferdig. Glasa er til restaurering på verkstaden på Sand og me klargjer for vasking og målinga av bygningane. På Viga er det full restaurering av stabburet for tida, og etter påske er me i full gang òg med Industriarbeidarmuseet i Sauda, med Nesasjøhuset på Sand, skulemuseet på Jelsa og stovehuset på Hustveit. Og dette er bare starten!

Studentar på skogen



Også transporten gjekk føre seg på tradisjonelt vis

NTNU studentane i tradisjonelt handverk, Sven Hoftun og Kjell Gunnar Haraldseid, har vore på skogen og felt tre på gamlemåten som dei skal bruka som laftetømmer seinare. Olav Sandvik og Albert Nerheim var med dei og viste korleis ein felte tre før motorsaga overtok.

Mosterøy bygdemuseum på nett



Smørform frå Voll på Mosterøy.

Mosterøy bygdemuseum si samling på 350 gjenstandar vart for eit par år sidan flytta frå dårlege lokale på loftet på gamle Mosterøy skule til Ryfylkemuseet sitt klimastyrte magasin på Åmøy. No har gjenstandane vorte skikkeleg katalogiserte og fotograferte i eit samarbeid mellom museet sine folk og folk frå Samlingsteam Rogaland. Skjemaopplysningar og foto av gjenstandane kan om ikkje lenge finnast på nettstaden Digitalt Museum. Det var Olav Sunnanå som stod i spissen for innsamlinga av gjenstandar i gamle Mosterøy kommune. Det skjedde i sommarferien i løpet av 1950-åra. Dei innsamla gjenstandane vart først plasserte i eit stabbur på Dysjaland, på garden til Lars Ramndal. Ein gong på 1980-talet vart dei flytte til skulehuset, og i 2014 vart dei sette inn på Åmøy. Der er dei lite tilgjengelege for folk, men publikum kan få gode opplysningar om dei via internett.

KVA SKJER?

MARS

19-26. mrs
Påske på museet

29. mars
Årsmøte i Venneforeninga

Inger Bråtveit
på Kulturhuset

APRIL

12. april
Foreldre- og småbarnskafé

14. april
Internasjonal kafé

16. april
Den store klesbyttedagen

20. april
Handverksdag